



Anve Gausvik og dei andre mekanikarane har det travelt i denne veka med dekkskifte.

**Med kaldare og meir ustabil ver er det tid for dekkskifte. Det er noko personalet på Auto 88 merkar godt om dagane. Langt fleire vel å ha dekkna sine på såkalla dekkhotell. Medekna i prisen er dekkskifte, reinhald og lagring. I god tid før dekkskifte ser fagfolk over dekkna og melder frå til kunden dersom det er trong for byte.**

Dekkhottell er ikkje nytt, men behovet har auka kraftig dei siste åra. Det har ofte samanheng med maglande lagringsplass heime og det at kunden får ei teneste utført på ein fagleg og forsvarleg måte. Ei anna viktig teneste er hjulstilling. Rett hjulstilling er eit viktig førebyggjande tiltak i høve til rett slitasje.

Alle kundane ligg inne med rett informasjon i eit dataprogram. I tillegg vert alle dekk merka med nummer og namn på eigar. Dekka vert lagra mørk og kjølig. Auto 88 sel dekk av ulike merke. Det kan vera piggdekk eller piggfrie vinterdekk. Mange kundar er nøyen med skifte før 1. november, andre ventar og er meir påverka av veret. I denne veka med temperaturar kring 0 grader og glatte vegar, er det kø og stor pågang for dekkskifte.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Jarle Saghaug



Rett hjulstilling er eit viktig fførebyggjande tiltak for å hindra feil slitasje på dekk.